

Vedtekter for Norsk Revmatikerforbund – Nynorsk versjon

Oppdatert etter landsmøtet 2021

Innhald:

- § 1 Føremål
 - § 2 Medlemskap og organisering
 - § 3 Forbundet si oppbygging
 - § 4 Landsmøtet
 - § 5 Ekstraordinært landsmøte
 - § 6 Forbundsstyret
 - § 7 Diagnosearbeidet i organisasjonen
 - § 8 Fylkeslag eller anna geografisk inndeling
 - § 9 Fylkeslaget sitt årsmøte
 - § 10 Fylkeslaget sitt styre
 - § 11 Lokalforeiningar/-lag
 - § 12 Årsmøtet i lokalforeininga/-laget og BURG-gruppa sitt årsmøte
 - § 13 Styret i lokalforeininga/-laget og BURG-gruppa sitt styre
 - § 14 Barne- og ungdomsarbeid
 - § 15 Dispensasjon frå vedtekten
 - § 16 Suspensjon / eksklusjon
 - § 17 Habilitet - Inabilitet
 - § 18 Nedlegging, samanslåing og deling av fylkeslag, lokalforeiningar/-lag og BURG-grupper
 - § 19 Oppløysing av forbundet.
- Vedlegg 1. Stemmereglar for NRF sine organisasjonsledd
- Vedlegg 2. Mandat for vedtektskomiteen i NRF
- Vedlegg 3. Mandat for kontrollkomiteen i NRF
- Vedlegg 4. Mandat for valkomiteen i NRF

§ 1 Føremål

Norsk Revmatikerforbund (NRF) har som føremål å forebygge og kjempe mot revmatiske muskel- og skjelettplager og medfølgjande verknader ved å:

- vere ein møteplass for medlemmene for omsorg, fellesskap og kunnskap.
- arbeide for å betre helsemessige, sosiale, økonomiske og kulturelle vilkår for revmatikarane.
- gi opplysning om sjukdomane, om forebygging, diagnostisering, behandling og samfunnsmessige konsekvensar.
- hjelpe fram betre vilkår for trening og behandling.
- støtte vitskapleg forsking om revmatiske sjukdomar, muskel- og skjelettsjukdomar og medverke til at fagpersonell kan få vidare utdanning i behandlinga av desse.
- fremje internasjonalt samarbeid.

§ 2 Medlemskap og organisering

I

Organisasjonen sitt namn er Norsk Revmatikarforbund, etter dette kalla NRF. NRF sin logo skal brukast av alle ledd i organisasjonen. Namnet på organisasjonsleddet skal vise geografisk arbeidsområde. Vedtekten gjeld for all verksemd i NRF.

II

NRF er ein landsomfattande brukarorganisasjon som arbeider for alle med revmatiske sjukdomar/ muskel- og skjelettsjukdomar. Dette gjeld også foreiningar og lag i utlandet.

III

NRF er ein partipolitisk og livssynsnøytral organisasjon.

IV

Medlemskapen er knytt direkte til NRF. Medlemmene hører geografisk til lokalforeiningar/lag. Ein medlem kan skriftleg gi melding om å høyre til anna lokalforeining/-lag, men kan ikkje samtidig vere knytt til meir enn eitt organisasjonsledd i NRF med unntak av at ein medlem kan høyre til både lokalforeining/lag og barne-og ungdomsgruppa BURG.

V

Medlemmer som bur i eit distrikt som ikkje vert dekt av lokalforeining/-lag, vert knytt til nærmaste lokalforeining/-lag.

VI

Berre medlemmer kan vere tillitsvalde i NRF. Personar med revmatiske sjukdomar eller muskel- og skjelettsjukdomar og deira pårørande skal ha fleirtal i alle styrande organ sentralt, regionalt og lokalt. For å ha tillitsverv i NRF bør ein ha bu- og oppholdsadresse i det respektive fylket ein skal representere.

VII

Medlemmene kan vere enkelpersonar og husstandsmedlemmer, og må i størst mogleg grad vere personar med revmatiske sjukdomar eller muskel- og skjelettsjukdomar og deira pårørande. Medlemmer over 15 år har fulle demokratiske rettar, men medlemmer under 15 år har også rett til å fremje synspunkt eller ha medverknad over arbeidet i organisasjonen. Føresette representerer sitt barn fram til fylte 15 år. Kvar medlem i eit husstandsmedlemskap vert rekna og talt som individuell medlem med demokratiske rettar.

VIII

Medlemskapen gjeld når kontingensten er betalt. Det er berre medlemmer som kan delta med stemmerett på årsmøte og som kan veljast til verv i NRF.

IX

Medlemmer under 26 år og medlemmer som aktivt har kryssa av for å vere knytt til BURG, er med i NRF si barne- og ungdomsrevmatikargruppe, BURG, som er ei integrert gruppe i NRF. Medlemmer som fyller 35 år blir automatisk overført til nærmeste lokallag.

X

Inn- og utmelding for personlege medlemmer skal skje individuelt og frivillig.

§ 3 Forbundet si oppbygging

Forbundet har følgjande ledd:

I

Landsmøtet, forbundsstyret, fylkeslag eller annan geografisk inndeling og lokalforeiningar/-lag og BURG.

§ 4 Landsmøtet

Landsmøtet er NRF sitt viktigaste forum for å drøfte og vedta utvikling og strategi i forbundet. Vedtak på landsmøtet forpliktar alle ledd i organisasjonen.

I

Landsmøtet er øvste leiinga i forbundet.

II

Landsmøtet skal fastsetje langsiktige mål og handlingsplan for komande periode.

III

Landsmøtet vert innkalla annakvart år. Landsmøtet vert innkalla av forbundsstyret med varsel seks månader på førehand.

IV

Landsmøtet er samansett av følgjande delegatar:

- Forbundsstyret
- Fylkesleiaren samt ein delegat per påstarta 1000 betalande medlemmer i fylket per 31.12. året før. Ein ekstra delegat per tidlegare og framtidige samanslårte fylke som kompensasjon for mista fylkesleiar(ar) slik at totalt tal på delegatar i prinsippet er det same som før samanslåing.
- To delegatar frå BURG sin landskonferanse.
- Ein observatør med tale- og forslagsrett frå kvar av dei landsdekkande diagnosegruppene. Generalsekretæren har talerett.

V

Påmelding av delegatar skal sendast forbundsstyret i samsvar med vala som er gjort på fylkesårsmøtet.

VI

Eit lovleg innkalla landsmøte kan gjere vedtak med det tal delegatar som møter.

VII

Saker som vert fremja for landsmøtet skal sendast til forbundsstyret. Saker må vere styret i hende fire månader før landsmøtet vert opna.

VIII

Forbundsstyret sender sakliste med saksdokument til alle landsmøtedelegatar seinast ein månad før landsmøtet.

IX

Dokumenta skal kunngjerast for alle organisasjonsledd.

X

Faste landsmøtesaker:

Sakene vert behandla i den rekkjefølgje landsmøtet fastset:

A:

1. Godkjenning av delegatar og fullmakter
2. Val av dirigentar etter forslag frå forbundsstyret

B:

1. Val av to protokollførarar etter forslag frå forbundsstyret
2. Val av delegatar til å skrive under protokollen saman med protokollføraren, etter forslag frå forbundsstyret
3. Godkjenning av innkalling, sakliste og møteregrlar/forretningsorden
4. Val av teljekorps
5. Årsrapport
6. Årsmelding og årsrekneskap med revisjonsmelding som årleg skal sendast til Brønnøysund, både for NRF konsern og alle fond og legat som NRF administrerer, skal leggast fram til orientering.
7. Rapport frå kontrollkomiteen
8. Innkomne forslag. Landsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å behandle for seint innkomne saker
9. Vedtekter. Eventuelle vedtektsendringar må ha 2/3 fleirtal og gjeld etter avslutninga av landsmøtet, eller frå det tidspunkt som vert vedteke av landsmøtet som ein del av vedtaket om vedtektsendring.
10. Handlingsplan for komande periode
11. Fastsettjing og fordeling av kontingent for personlege medlemmer for komande periode
12. Fastsettjing av kontingent for assosiert medlemmer for komande periode.
13. Rammebudsjett for komande periode
14. Fastsettjing og godkjenning av mandat for kontrollkomiteen
15. Fastsettjing og godkjenning av mandat for vedtektskomiteen
16. Fastsettjing og godkjenning av mandat for valkomiteen
17. Val av leiar, 1. og 2. nestleiar, to styremedlemmer og tre varamedlemmer i rekkjefølgje.
18. Val av kontrollkomité. Det skal veljast leiar og to medlemmer samt to varamedlemmer
19. Val av vedtektskomité. Det skal veljast leiar og to medlemmer samt to varamedlemmer
20. Val av statsautorisert revisor
21. Val av valkomité for neste landsmøte etter innstilling frå forbundsstyret. Det skal veljast leiar og to medlemmer samt to varamedlemmer.

Forbundsstyret kan ikkje delta i avstemming som gjeld årsrapporten.

Tilsette i organisasjonen kan ikkje veljast til tillitsverv i NRF, med unntak frå dei tilsette sin representant i forbundstyret (jf. Hovudavtalen).

§ 5 Ekstraordinært landsmøte

I

Det vert kalla inn til ekstraordinært landsmøte når eit fleirtal i forbundsstyret eller 1/3 av fylkeslaga krev det.

II

Ekstraordinært landsmøte kan berre behandle saker som er kunngjort ved innkalling med minst fire vekers varsel.

III

Delegatar er dei som vart valt på fylkeslaga sitt sist godkjente årsmøte

IV

Ved forslag om mistillit mot forbundsstyremedlemmer eller forbundsstyret som kollegum, har desse ikkje stemmerett i denne saka.

V

Krav om ekstraordinært landsmøte vert dokumentert med godkjende protokollar frå kvart av fylkesstyra som set fram kravet.

§ 6 Forbundsstyret

I

Forbundsstyret er samansett av leiar, 1. og 2. nestleiar, to styremedlemmer og tre varamedlemmer i rekkjefølgje, valde av landsmøtet, jf. § 4. I tillegg kjem ein representant som særleg skal ta seg av NRF sitt barne- og ungdomsarbeid. Representanten skal veljast av og mellom medlemmene i BURG sitt sentralstyre, og ein representant frå dei tilsette som skal veljast av dei tilsette.

Forbundsleiar og nestleiar kan sitte i same posisjon i maksimalt seks (6) år. Personar kan ta gjenval i same posisjon etter eit opphald på ein valperiode. Personane kan veljast til ein annan posisjon utan opphald.

Styret med vara vert valde for to år.

II

Forbundsstyret er NRF si øvste leiing mellom landsmøta og står ansvarleg overfor landsmøtet.

Forbundsstyret skal sikre gjennomføringa av vedtaka frå landsmøtet.

III

Forbundsstyret behandlar og godkjenner årsmeldingar, årsrekneskap med revisjonsmelding for NRF konsern, og NRF moderselskapet sitt årsbudsjett.

IV

Forbundsstyret oppnemner og vel styra til dei fond og legat som NRF administrerer.

Årsrekneskap, årsmeldingar og revisjonsmeldingar vert tatt til orientering.

V

Forbundsstyret kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmene er til stades. Alle saker vert avgjorde med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap gjer leiaren si stemme utslaget.

VI

Dei tilsette i NRF vel ein representant til forbundsstyret med 2 personlege vararepresentantar.

VII

Forbundsstyret vel mellom sine medlemmer ein representant med personleg vararepresentant som medlem i sentralstyret i BURG.

VIII

Protokollane frå møta i forbundsstyret skal gjerast tilgjengelege for alle organisasjonsledd i NRF.

X

Det skal ikkje vere medlemmer frå same familie eller husstand i styret. Dersom det skulle bli problem med å få nok styremedlemmer, kan det søkjast dispensasjon til nærmeste høgare instans. Dispensasjonen gjeld ikkje for sambuar, ektefelle eller partnar. Søknader om slik dispensasjon må fremjast seinast seks (6) veker før laget sitt årsmøte, om det skulle verte avslag.

IX

Styret fastset og godkjenner styreinstruks.

§ 7 Diagnosearbeidet i organisasjonen**I**

Diagnosearbeidet kan organiserast på følgjande måte:

- a) Lokalt som diagnoseforeiningar på lik linje med lokalforeiningar
- b) Landsdekkande diagnosegrupper med ressurspersonar
- c) Diagnosegruppe i fylket med ressurspersonar
- d) Diagnosegruppe i lokalforeininga/-laget

II

NRF sitt forbundstyre kan vedta skiping av landsdekkande diagnosegrupper.

III

Forbundsstyret vedtar styrande retningslinjer for landsdekkande diagnosegrupper

IV

Fylkesstyret kan skipe aktivitetsgrupper som tar seg av ulike diagnosar og oppnemner diagnosefylkeskontaktar

V

Alle organisasjonsledd i NRF har i verksemda si praktisk og økonomisk ansvar for diagnosearbeidet

§ 8 Fylkeslag eller anna geografisk inndeling

Der det vert brukt anna geografisk inndeling enn fylke, gjeld alle vedtektsreglane som for fylkeslag. Ved fylkessamanslåing kan fylkeslag sjølv velje å slå seg saman eller oppretthalde tidlegare inndeling.

I

Fylkeslaget er samansett av alle godkjende lokalforeiningar/-lag, med tilhøyrande diagnosegrupper og BURG-grupper som inngår i NRF, jf. § 2 pkt. VII, 2. og 3. ledd.

II

Fylkeslaget skal ha til hovudoppgåve å samordne arbeidet innan sitt område for å fremje forbundet sine føremål, og særleg arbeide aktivt med helse-, sosial- og kulturpolitiske saker.

III

Fylkeslaget har ansvar for, og skal hjelpe og støtte lokalforeiningane/-laga, også irekna BURG-gruppa i fylket. Fylkeslaget kan også skipe BURG-gruppe dersom dette vert vurdert som ynskjeleg eller nødvendig.

IV

Fylkeslaget skal velje ein representant i styret som skal fungere som fullverdig styremedlem i BURG-gruppa i fylket.

V

Fylkeslaget kan opprette aktivitetsgrupper når det er føremålstenleg.

VI

Elles skal fylkeslaget søke å stifte og etter delegert mynde, godkjenne nye lokalforeiningar/-lag. Fylkeslaget betaler eit oppstartingstilskot. Mynde til å godkjenne nye lokale diagnoseforeiningar er lagt til NRF sitt forbundsstyre som kan delegere dette til NRF sin administrasjon.

VII

Fylkeslaget skal bidra til å hjelpe lokalforeiningar/-lag, BURG-gruppa og aktivitetsgrupper til studie-, trenings- og rettleiararbeid, samt opplysningsverksemd.

§ 9 Fylkeslaget sitt årsmøte

I

Årsmøtet er øvste leiinga i fylkeslaget.

II

Årsmøtet vert halde kvart år helst innan utgangen av mars månad og vert innkalla med minst 8 vekers varsel. Forslag til saker skal sendast til fylkeslaget, og forslag til kandidatar skal sendast til valkomiteen seinast fire veker før årsmøtet. I landsmøteåret skal forslag til landsmøtedelegatar sendast til fylkesstyret innan same frist. Fylkesstyret innstiller overfor fylkesårsmøtet. Alle innkomne saker skal leggjast fram på årsmøtet.

III

Sakliste med sakspapir i samsvar med pkt VIII, samt valkomiteen si innstilling, skal kunngjerast for laga seinast to veker før årsmøtet.

IV

Fylkesårsmøtet har følgjande delegatar:

- Fylkesstyret
- Representasjon for foreiningar/lag/BURG:
- Inntil 100 betalande medlemmer: 2 delegatar
- 101 - 400 betalande medlemmer: 3 delegatar
- 401 - 1000 betalande medlemmer: 4 delegatar
- 1001 betalande medlemmer og over: 6 delegatar

Fylkesdiagnosekontakt vert innkalla som observatør.

Medlemskontingenenten skal vere betalt.

Styret i fylkeslaget har ikkje stemmerett ved behandling av årsmelding og rekneskap.

Fylkessekretären har talerett.

Observatørar kan få tale- og forslagsrett av årsmøtet.

V

Eit lovleg innkalla årsmøte kan gjere vedtak med det talet delegatar som møter.

VI

Alle årsmøteutgifter, jf. pkt. IV, skal delast mellom lokalforeiningar/-lag etter talet på betalande medlemmer pr. 31.12. året før.

VII

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast når eit fleirtal i styret eller 1/3 av laga krev det, og kan berre behandle saker som er kunngjort ved innkalling med minst to vekers varsel. Krav om ekstraordinært fylkesårsmøte skal dokumenterast ved godkjent protokoll frå kvar lokalforeining som sette fram kravet.

VIII

Faste årsmøtesaker:

Årsmøtet i fylkeslaget skal behandle:

1. Godkjenning av innkalling
2. Val av dirigent etter forslag frå styret
3. Val av protokollførarar etter forslag frå styret
4. Val av teljekorps
5. Val av to delegatar til å underskrive protokollen saman med protokollførarane
6. Styret si årsmelding
7. Rekneskap med revisjonsmelding, revidert av revisor(ar) vald av årsmøtet
8. Innkomne forslag
9. Fastsetjing av driftstilskot frå lokalforeiningane/-laga for påfølgjande år
10. Kasserar kan vere valt eller ein tilsett person/eller innkjøpt teneste som har kasserarfunksjon. Ein slik funksjon er då ikkje ein del av det valde styret. Styret si samansetning må oppretthaldast med det talet som er definert i pkt. I første ledd.
11. Handlingsplan for verksemda i fylkeslaget
12. Budsjettforslag
13. Val av styre samansett av fem eller sju medlemmer, inkludert BURG sin representant, samt 1. og 2. varamedlem (i samsvar med § 10 I og § 10 V).
14. Val av to revisorar eller ein fagrevisor etter forslag frå styret
15. I landsmøteår skal det veljast delegatar til landsmøtet i samsvar med § 4 IV, og etter forslag frå lokalforeiningane/-laga
16. Val av valkomité samansett av tre medlemmer og to varamedlemmer for neste årsmøte, etter forslag frå styret. Valkomiteen konstituerer seg sjølv.

§ 10 Fylkeslaget sitt styre

I

Fylkesstyret er sett saman av fem eller sju medlemmer. Fem medlemmer: leiar, nestleiar, kasserar, studieleiar og 1 styremedlem. Sju medlemmer: leiar, nestleiar, kasserar, studieleiar, styremedlem(mer) og to varamedlemmer.

I fylke der det er BURG-gruppe, skal ein BURG-representant (med vara) vere med i styret. I fylke der det ikkje er eiga BURG-gruppe, vert det oppnemnt ein person med særskilt ansvar for å ta vare på barn og ungdom sine interesser og barne- og ungdomsarbeidet i fylket.

Alle styremedlemmer vert valde for to år, og varamedlemmer for eit år. Leiar og nestleiar vert valde på ulike år.

Styret vel mellom sine medlemmer i fylket:

- Fylkeskontakt for diagnosearbeidet i fylket
- Diagnosekontakter i samarbeid med fylkeskontakten
- Reuma-Sol kontakt
- Fylkesrettleiar
- Trenings- og mosjonskontakt

II

Dersom talet på styremedlemmer skal endrast, må dette behandlast og vedtakast av årsmøtet før valet.

III

Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av styremedlemmene er til stades. Alle saker vert avgjorde med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjer leiaren si stemme utslaget.

IV

Styret er ansvarleg for drifta av fylkeslaget, komitear og aktivitetsgrupper som er oppnemnde av styret.

V

Det skal ikkje vere medlemmer frå same familie eller husstand i fylkesstyret. Dersom det skulle verte problem med å få nok styremedlemmer, kan det søkast om dispensasjon til nærmeste høgare instans. Dispensasjonen gjeld ikkje for sambuar, ektefelle eller partner. Søknader om slik dispensasjon må fremjast seinast seks (6) veker før laget sitt årsmøte, om det skulle bli avslag.

VI

Protokoll frå fylkesstyret sine møte skal straks sendast til NRF sentralt og til lokalforeiningar/-lag og BURG-styret i fylket. Årsmøteprotokoll, årsmelding, revidert rekneskap med revisjonsmelding for føregåande år skal sendast NRF innan utgangen av april. Innan same frist skal også årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet i fylket sendast til BURG sitt sentralstyre i dei fylka som har BURG gruppe. Nytt styre og nøkkelpersonar skal oppdaterast elektronisk i medlemsregisteret innan same dato.

§ 11 Lokalforeiningar/-lag

I

Lokalforeininga/-laget har som hovudoppgåve å samle personar med revmatiske/muskel- og skjelettsjukdomar og deira pårørande til fremjing av medlemmane sine behov i samsvar med NRF sin føremålsparagraf.

II

Lokalforeininga/-laget vert skipa lokalt.

III

Lokalforeininga/-laget kan opprette aktivitetsgrupper og diagnosegrupper til å arbeide med utvalde oppgåver.

§ 12 Årsmøte i lokalforeininga/-laget

I

Årsmøtet er lokalforeininga/-laget si øvste leiing, og skal gjennomførast i samsvar med pkt. VII.

II

Det skal vere årsmøte kvart år til vanleg innan utgangen av februar månad, og innkallast med minst 4 vekers varsel. Forslag til saker som skal takast opp på årsmøtet må vere styret i hende minst 2 veker før møtet. Alle innkomne saker skal leggast fram for årsmøtet.

III

Sakliste med sakspapir i samsvar med pkt VIII og valkomiteen sitt framlegg skal vere tilgjengeleg for medlemmene seinast 1 veke før møtet.

IV

Medlemmene i styret har ikkje stemmerett ved behandling av årsmelding og rekneskap.

V

Ein representant frå fylkesstyret kan møte som observatør på møta i lokalforeininga/-laget/-BURG-gruppa.

VI

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast når det er krav om dette frå

- eit fleirtal i styret eller
- 1/3 av medlemmene i lokalforeiningar/-lag med færre enn 200 medlemmer eller - 1/6 av medlemmene i lokalforeiningar/-lag med 200 medlemmer eller fleire.

Møtet han berre behandle saker som er kunngjort ved innkalling med minst to vekers varsel.

VII

Eit lovleg innkalla årsmøte kan gjere vedtak med det talet på representantar som møter.

VIII

Faste årsmøtesaker:

Årsmøtet i lokalforeininga/-laget/BURG-gruppa skal behandle:

1. Godkjenning av innkallinga
2. Val av dirigent etter forslag frå styret
3. Val av protokollførarar etter forslag frå styret
4. Val av teljekorps
5. Val av to medlemmer til å underteikne protokollen saman med protokollførarane
6. Styret si årsmelding
7. Rekneskap med revisjonsmelding, revidert av revisor(ar) vald av årsmøtet
8. Innkomne forslag
9. Handlingsplan for verksemda i laget
10. Budsjettforslag
11. Val av styre med tre, fem eller sju medlemmer fastsett av årsmøtet, og to varamedlemmer i samsvar med § 13 I
12. Val av to revisorar eller fagrevisor etter forslag frå styret
13. Val av delegatar med vara til fylkesårsmøtet i samsvar med § 9, IV. Valde delegatar sit fram til nytt årsmøte er gjennomført.
14. I landsmøteår skal det fremjast forslag til delegatar til landsmøtet, i samsvar med § 4 IV, som skal oversendast til fylkeslaget. BURG-gruppa vel delegatar til sin landskonferanse.
15. Val av valkomité med tre medlemmer og to varamedlemmer for neste årsmøte, etter forslag frå styret. Valkomiteen konstituerer seg sjølv.

§ 13 Styret i lokalforeininga/-laget

I

Styret skal ha tre, fem eller sju medlemmer. Tre medlemmer: leiar, sekretær og kasserar der ein av styremedlemmene er studieleiar, samt to varamedlemmer. Fem medlemmer: leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, studieleiar og to varamedlemmer. Sju medlemmer: leiar, kasserar og sekretær, eventuelt nestleiar, studieleiar og 2 styremedlemmer samt minst to varamedlemmer.

Alle styremedlemmene vert valde for to år, og varamedlemmene for eit år. Leiar og nestleiar skal veljast på ulike år. Lokallagsleiar og nestleiar kan site i same posisjon i maksimalt seks(6) år. Personar kan verte gjenvalt til same posisjon etter eit opphold på ein valperiode. Personen kan veljast till annan posisjon utan opphold.

Mellom lokalforeininga/-laget sine medlemmer oppnemner styret:

- Andre ressurspersonar etter behov

II

Dersom talet på styremedlemmer skal endrast, må dette behandlast og vedtakast av årsmøtet før valet.

III

Styret er ansvarleg for drifta av lokalforeininga/-laget/BURG-gruppa, komitear og aktivitetsgrupper.

IV

Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmene i styret er til stades. Alle saker vert avgjorde med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjer leiaren si stemme utslaget.

V

Rapportering:

Godkjend protokoll frå styremøta i lokalforeininga/-laget/BURG-gruppa skal sendast til fylkeslaget. BURG-gruppa sender også til BURG sentralstyre

Årsmøtedokument og årsmøteprotokoll skal sendast til fylkeslaget innan utgangen av mars.

Foreininga/-laget pliktar å oppfylle gjeldande krav til rapportering som gjeld til ei kvar tid.

Styret og nøkkelpersonar skal registrerast elektronisk i medlemsregisteret innan utgangen av mars.

VI

Det skal ikkje være medlemmer frå same familie eller husstand i styret. Dersom det skulle bli problem med å få nok styremedlemmer, kan det søkast om dispensasjon til nærmeste høgare instans. Dispensasjonen gjeld ikkje for sambuar, ektefelle eller partnar. Søknader om slik dispensasjon må fremjast seinast seks (6) veker før laget sitt årsmøte, om det skulle bli avslag.

§ 14 Barne- og ungdomsarbeid

I

Det landsomfattande barne- og ungdomsarbeidet i NRF er organisert gjennom BURG, som er NRF si eiga barne- og ungdomsgruppe, og skal arbeide særleg med spørsmål og utfordringar som gjeld barn og ungdom og leggje til rette for aktivitetar for og med barn og ungdom.

Medlemmer under 26 år betalar halv kontingent, der 40 % går til BURG.

II

Alle ledd i NRF har i si verksemd praktisk og økonomisk ansvar for barne- og ungdomsarbeid. Arbeidet i BURG skal skje på tvers av alle diagnosegrupper i NRF.

III

BURG skal ha eigen landskonferanse annakvart år og eit nasjonalt styre, kalla sentralstyret, skal veljast på landskonferansen. Ein av dei valde i BURG sitt sentralstyre skal også sitte i forbundsstyret.

NRF sitt forbundsstyre gir retningslinjer for BURG sin landskonferanse og sentralstyret. Som styremedlem i BURG sitt sentralstyre kan berre veljast medlemmer i NRF, som er knytt til BURG.

Med i BURG-sentralstyret er leiar, nestleiar, tre styremedlemmer og to varamedlemmer i rekkefølge, valde av landskonferansen til BURG. I tillegg skal forbundsstyret mellom sine medlemmer velje ein representant med personleg vara som medlem i BURG sentralstyre jf.

§ 6 VII

Sentralstyret vert vald for 2 år. Nærmore retningslinjer for val og representasjon følgjer av retningslinjer fastsett av forbundsstyret.

Har leiaren forfall, rykkjer nestleiaren opp som fungerande leiar og første varamedlem går inn som styremedlem.

BURG sitt sentralstyre skal sikre gjennomføringa av vedtak knytt til barne- og ungdomsarbeidet gjort at NRF sitt landsmøte og forbundstyret. Sentralstyret i BURG får årsmeldingar frå BURG-gruppene og utarbeider årsmelding for NRF sitt barne- og ungdomsarbeid som vert behandla og godkjend av forbundstyret.

Sentralstyret i BURG kan gjere vedtak når minst tre medlemmer er til stades. Alle saker vert avgjord med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap gjer leiaren si stemme utslaget.

IV

NRF skal ha administrativt tilsette med ansvar for administrativ oppfølging av NRF sitt barne- og ungdomsarbeid.

Gjennom val av styremedlemmer til BURG og kontaktpunkt inn mot tilsette i administrasjonen som arbeider med NRF sitt barne- og ungdomsarbeid skal medlemmer over 26 år få gode høve til å fremje synspunkt og øve påverknad på arbeidet i NRF.

V

BURG-arbeidet kan organiserast i fylkesgrupper eller regionsgrupper kalla BURG-grupper. Det kan skipast regionsgrupper der fylka i regionane er samde om slikt samarbeid. Det skal haldast eigne årsmøte i BURG-gruppene og veljast eigne BURG-styre av og mellom medlemmene i BURG-gruppene i fylket. Dette skal regulerast i § 12.

Arbeidet i BURG-gruppa er underlagt BURG sitt sentralstyre og følgjer dei retningslinjer som er utarbeidde der.

Medlemmene er dessutan med i NRF sine fylkeslag, lokalforeiningar/-lag med tilhøyrande årsmøte og kan veljast til styre på linje med andre NRF-medlemmer. Det skal også veljast styremedlemmer i NRF sine fylkeslag som har barne- og ungdomsarbeid som sitt ansvarsområde.

VI

Det er utarbeidd nærmere retningslinjer for barne- og ungdomsarbeid på nasjonalt, regionalt og fylkesnivå, mellom anna at det skal vedtakast handlingsplanar og budsjett.

§ 15 Dispensasjon frå vedtekten

Forbundsstyret kan dispensere frå vedtekten i dei paragrafane som handlar om underliggende organisasjonsledd.

§ 16 Suspensjon/eksklusjon

Tillitsvalde som forsømer verva sine, og medlemmer som motarbeider NRF-vedtekten og ikkje bøyer seg for lovlege vedtak i organisasjonen, kan suspenderast for ein tidsbestemt periode.

I grove tilfelle kan medlemmer ekskluderast frå Norsk Revmatikar forbund.

Krav om suspensjon/eksklusjon kan framsetjast av forbundsstyret etter innstilling frå fylkesstyret, lokalforeininga/- laget og BURG sitt styre. Vedtak kan klagast inn innan tre (3) veker. Forbundsstyret kan vedta om ein suspensjon skal oppretthaldast for ein utvida periode eller om medlemmet skal ekskluderast. Saker om suspensjon/eksklusjon skal behandlast av forbundsstyret etter vedtekne retningslinjer.

Kontrollkomiteen er NRF sin klageinstans.

§ 17 Habilitet og Inabilitet

Habilitet:

Representantar som er oppnemnt av forbundsstyret til ulike roller i heileigde eller deleigde selskap, er habile ved handtering i saker som vedkjem desse heileigde/deleigde selskap og stiftelsar.

Inabilitet:

Ein person i eit organisasjonsledd eller i ei gruppe er inhabil til å tilrettelegge eller for å treffe avgjerdslar når vedkomande er:

- Part i saka
- Slekt i opp eller nedstigande line eller sideline so nær som syskjen – med ein part i saka
- Sambuar, forlova, partner eller gift med ein part i saka.
- Leiari for eller innehar leiande stilling i eller deltek i styret for verksemda som er part i saka, forutan del - eller heileigde selskap der representanten er oppnemnd av forbundsstyret.
- Har personleg eller økonomisk vinning i saka.

Ein person er inhabil når det ligg føre forhold som er eigna til å svekke tilliten til vedkomande sin upartiskheit. Det skal mellom anna leggast vekt på om avgjerda i saka kan innebere fordel, ulempe eller tap for eigen del eller nokon som står ein nær. Den enkelte pliktar i første rekke å vurdere sin eigen habilitet.

Eventuell inhabilitet blir avgjort av det enkelte organisasjonsledd eller gruppe

§ 18 Nedlegging, samanslåing og deling av fylkeslag, lokalforeiningar/-lag/ Burg grupper

I

Nedlegging kan berre skje på årsmøte ved 3/4 av dei avgjevne stemmene. Forslag om nedlegging må vere sendt til organisasjonsledda sine styre innan 2 månader før møtet skal haldast.

Aktivitetar i lokallaget/Burg gruppa kan vidareførast av ei aktivitetsgruppe under fylkeslaget. Aktivitetsgruppa sine tiltak vert finansierte av midlar som høyrer til den nedlagde lokalforeininga/-laget/Burg gruppa.

Ved nedlegging av:

- lokalforeining/-lag/Burg gruppe skal midlar og eigedelar takast vare på av fylkeslaget sitt styre
- eit fylkeslag skal midlar og eigedelar takast vare på av NRF sentralt
- ein landsdekkjande organisasjon eller ei landsdiagnosegruppe skal midlar og eigedelar takast vare på av NRF sentralt

II

Organisasjonsledd som ikkje har hatt verksemd i løpet av 2 år er automatisk nedlagt. Midlar og eigedelar skal tilfalle det overordna organisasjonsleddet.

III

Avgjerd om samanslåing av to eller fleire fylkes- eller lokalforeiningar/-lag/Burg grupper skjer etter vedtak med 2/3 fleirtal på årsmøta i lokalforeiningane/-laga/Burg gruppa.

Samanslåing av lokalforeiningar/-lag skal godkjennast av fylkeslaget. Samanslåing av fylkeslag skal godkjennast av forbundsstyret.

Samanslåing av NRF eller eit organisasjonsledd i NRF med eit eller fleire eksterne lokalforeiningar/-lag skjer etter vedtak med 2/3 fleirtal på NRF sitt landsmøte. Avgjerda vert gjort på bakgrunn av utarbeidd plan for samanslåing/fusjon.

Avgjerd om å inngå samarbeidsavtale med anna foreining/lag, eller opptak av assosierede medlemmer i NRF, vert gjort av forbundsstyret med vanleg fleirtal.

IV

Avgjerd om deling av fylkeslag eller lokalforeining/-lag skjer etter vedtak med 2/3 fleirtal på årsmøtet i laget. Deling av lokalforeiningar/-lag skal godkjennast av fylkeslaget. Deling av fylkeslag skal godkjennast av forbundsstyret.

§ 18 Oppløysing av forbundet

Avgjerd om oppløysing av forbundet kan berre gjerast av landsmøtet med 3/4 fleirtal.

Dersom forbundet vert oppløyst, skal alle disponible midlar overførast til eigen konto.

Dersom forbundet vert skipa på nytt innan 2 år, vert midlane ført over til det nyskipa forbundet. Dersom forbundet vert endeleg oppløyst, skal alle midlar gå til å fremje føremåla til forbundet etter forslag som må godkjennast av det departementet som har ansvaret for helse og omsorg.

Vedlegg 1.

Stemmeregler for NRF sine organisasjonsledd

1. Definisjonar på fleirtalsformer:

Vanleg fleirtal:

Det forslaget er vedtatt som har fått meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene. Blanke stemmer vert ikkje rekna som avgjevne stemmer. Ved likt stemmetal er leiaren si stemme utslagsgjevande.

Kvalifisert fleirtal:

Det forslaget er vedtatt som får ein på førehand fastsett del av avgjevne stemmer (til dømes 2/3 eller 3/4).

Simpelt fleirtal:

Når tre eller fleire forslag vert sett under avstemming samtidig, er det forslaget vedteke som har fått flest stemmer. Blanke stemmer vert ikkje rekna som avgjevne stemmer.

2. Ved saker/forslag

Saker/forslag vert avgjort med vanleg fleirtal, dersom anna ikkje er bestemt.

3. Vedtektsendringar

Vedtektsendringar må avgjerast med 2/3 fleirtal.

4. Ved personval

For å verte vald er det krav om vanleg eller simpelt fleirtal. Dersom det ved vanleg fleirtal vert likt stemmetal, vert valet avgjort ved loddtrekning. Dersom det ved simpelt fleirtal vert likt stemmetal, skal det vere omval mellom dei to som har fått likt stemmetal. Vert det ved omval likt stemmetal, skal det vere loddtrekning.

5. Ved avstemming har kvar representant ei stemme.

Vedlegg 2 Mandat for vedtektskomiteen i NRF

1. Vedtektskomiteen er organisasjonsfagleg utval når det gjeld NRF sine vedtekter og andre faglege spørsmål i samband med dette.
2. Vedtektskomiteen skal veljast av landsmøtet. Det skal veljast leiar, to medlemmer og to varamedlemmer i rekkjefølgje. Funksjonstida følgjer landsmøteperioden. Komiteen ordnar sjølv med sekretærfunksjonen.
3. Landsmøtet fastset mandatet til komiteen.
4. Forbundsleiaren og/eller generalsekretæren kan delta på komiteen sine møte med tale- og forslagsrett.
5. Komiteen møter så ofte som komiteleiaren bestemmer og gjer i hovudsak vedtak i form av fråsegner/forslag til forbundsstyret.
6. Komiteen kan konsultere ekstern fagjurist ved behov. Eventuelle utgifter må på førehand ved kvart enkelt tilhøve godkjennast av forbundsstyret.
7. Vedtektskomiteen sine hovedoppgåver er å:
 1. Vurdere NRF sine gjeldande vedtekter til ei kvar tid med sikte på å fremje forslag til nødvendige endringar. Komiteen innhentar informasjon frå både organisasjonsledd og administrasjonen i denne vurderingsprosessen.
 2. Behandle og gi fråsegn når det gjeld innkomne forslag til vedtektsendringar, når desse er innkomne innan fastsette fristar, og gjere konsekvensutgreiing av faktiske, økonomiske og juridiske konsekvensar av forslaga.

3. Stå til teneste for forbundsstyret, andre organisasjonsledd og administrasjonen i den daglege tolkinga av gjeldande vedtekter og andre faglege spørsmål i slike høve.
8. For vedtektsendringar kjem komiteen med forslag til forbundsstyret, som gir innstilling til landsmøtet. Komiteleiaren deltek i behandlinga av vedtektsaker på landsmøtet.

Mandatet skal settast inn som vedlegg i NRF sine vedtekter.

Vedlegg 3.

Mandat for kontrollkomiteen i NRF

1. Kontrollkomiteen i NRF er landsmøtet sitt kontrollorgan og skal sjå etter at organisatoriske og økonomiske dispensasjoner er i samsvar med NRF sine vedtekter og vedtak
2. Kontrollkomiteen skal veljast av landsmøtet. Det skal veljast leiar, to medlemmer og to varamedlemmer i rekkjefølgje. Funksjonstida følgjer landsmøteperioden. Komiteen ordnar sjølv med sekretærfunksjonen. Medlemmene i kontrollkomiteen kan ikkje ha andre tillitsverv i NRF eller vere tilsett i organisasjonen.
3. Landsmøtet fastset mandatet til komiteen.
4. Komiteen sitt arbeidsområde gjeld heile organisasjonen. Heile organisasjonen kan krevje å få saker lagt fram for kontrollkomiteen.
5. Komiteen kan om nødvendig søkje fagleg hjelp i arbeidet sitt.
6. Komiteen kan gå gjennom årsmøteprotokollar, årsmelding og rekneskap for alle organisasjonsledd for å kontrollere at verksemda er i samsvar med NRF sine føremål og vedtekter, samt at det som er vedteke i avgjerande organ vert iverksett.
7. Komiteen har tilgjenge til alle protokollar og andre dokument i alle organisasjonsledd og administrative einingar, og har rett til å få framlagt alle opplysningar dei meiner trengst for å utføre oppdraget sitt.
8. Kontrollkomiteen er klageinstans i høve til suspensjon/eksklusjon i NRF.

9. Komiteen avgir skriftleg rapport til landsmøtet. Rapporten skal sendast ut saman med dei andre sakspapira til landsmøtet.
10. Komiteen sine medlemmer og andre som får innsyn i komiteen sine dokument, har teieplikt.

Mandatet skal settast inn som vedlegg i NRF sine vedtekter.

Vedlegg 4.

Mandat for NRF sin valkomité

Valkomiteen førebur val til neste landsmøte

1. Valkomiteen blir valt av NRF sitt landsmøte. Det skal veljast iht. gjeldande vedtekter. Valkomiteen konstituerer seg sjølv.
2. Valkomiteens si oppgåve er å finne kandidatar til organisasjonen sitt forbundsstyre og andre organ som blir oppnemnd. Valet skjer på NRS sitt landsmøte iht. gjeldande vedtekter.
Valkomiteen skal vere uavhengig av leiinga i organisasjonen.
3. Komiteen kan møtast så ofte som komiteen avgjer.
 - Valkomiteens sin hovudoppgåver er å:
sette seg inn i vedtekten og vere klar over korleis dei skal arbeide, kva mandat dei har, og kva roller eller funksjonar som skal veljast og for kor lang tid
 - finne dei beste og mest kompetente kandidatane til dei enkelte rollene.
Komiteen hentar informasjon frå organisasjonen og der komiteen finn det føremålstenleg i denne vurderingsprosessen
 - Valkomiteen presenterer innstillinga si på landsmøtet.

Mandatet skal settast inn i NRF sine vedtekter.